



**Jobbnorge-ID:** 156045

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## Direktør for KORO - Kunst i offentlege rom

KORO har i dei siste åra arbeid med å utvikle organisasjonen, arbeidsformene og verkemidla med sikte på å styrkje kompetansen innanfor både produksjon, formidling og forvaltning, og for å gjere kunstordningane meir treffsikre og relevante sett opp mot behova i dag. Kulturdepartementet søkjer ein erfaren leiar som kan føre vidare og implementere endringane.

### Arbeidsoppgåver

- leie KORO administrativt, økonomisk og fagleg i god dialog med Kulturdepartementet som oppdragsgivar - ein viktig del av dette er å sikre at tilgjengelige ressursar blir brukt på ein effektiv måte
- organisere og vidareutvikle arbeidet i verksemda på ein formålstenleg måte og i tråd med endringane som er sette i gang
- sikre god kontakt og samarbeid mellom KORO og relevante offentlege og private aktørar, både nasjonalt og internasjonalt

### Kvalifikasjonar

- relevant utdanning på høgare nivå
- relevant leiarerfaring
- god skriftleg og munnleg framstillingsevne, både på bokmål, nynorsk og engelsk

### Personlege eigenskapar

Vi søkjer ein strategisk og målretta person med solid og relevant leiarerfaring og med god rolle- og organisasjonsforståing. Du må kunne vise til oppnådde resultat, og vere ein motiverande og inspirerande leiar. I tillegg er du god til å bygge relasjonar. Du kommuniserer godt og har stor gjennomføringskraft.

Det er ønskjeleg at du har erfaring frå å leie medarbeidarar gjennom endringsprosessar.

Du må kunne representere KORO i ulike samanhengar både nasjonalt og internasjonalt gjennom møte, debattar og presentasjonar/foredrag, og i media.

Kunnskap om offentlig forvaltning og forståing for politiske prosessar er naudsynt. I tillegg vil vi leggje vekt på at du har kunnskap om og interesse for arbeidsfeltet.

### Vi tilbyr

- godt arbeidsmiljø med breitt samansett kompetanse og erfaring
- positive og engasjerte medarbeidarar med stor interesse for sine fagområde
- varierte og utfordrande arbeidsoppgåver
- medlemskap i Statens pensjonskasse, som gjev gunstige pensjons- og lånevilkår

Stillinga er eit åremål på seks år og tek til frå 1. april 2019. Perioden kan forlengast ein gong med ytterlegare seks år.

Løsplassering skjer på grunnlag av kvalifikasjonar og ansiennitet. Direktør får løn i stillingskode 1060. Det blir trekt to prosent frå løna til innskot i Statens pensjonskasse.

Stillinga har ei prøvetid på seks månader.

### Andre opplysningar

Jobben inneber ein del reising.

### Inkluderande arbeidsliv og mangfald

Staten som arbeidsgivar skal nytte den fulle breidda i kompetansen til innbyggjarane. Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet. Difor blir alle kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning, arbeids- og livserfaring oppmoda til å søkje jobb i staten. KORO er ei IA-verksemd. Det inneber mellom anna at vi vil sørge for tilrettelegging på arbeidsplassen ved behov.

### Offentleggjering

Dei som søkjer, må være merksame på at opplysningar om dei kan bli offentleggjorde, sjølv om søkjarane ber om ikkje å bli oppførte på den offentlege søkerlista. Departementet vil svare på krav om unntak frå den offentlege søkerlista før ho blir offentleggjort.

### Kontakt

Fleire opplysningar får du av ekspedisjonssjef Christine Hamnen på mobil 976 66 299.

## Tilleggsinformasjon

**Arbeidssted:**